

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	25.01.2022
Vår referanse	2022/601-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Tone Bøyum
E-post	Tone.Boyum@vlfk.no
Telefon	47781807

Svar - Oppdatert trafikkvurdering - Vurdering av motsegn - Stølsmarka - Gnr. 137 bnr 693 m.fl - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 14.12.2021.

Bakgrunn:

Statens vegvesen hadde motsegn til reguleringsplan for Stølsmarka i Alver kommune då planen var på høyring i 2019. Det var dialogmøte hos Statsforvaltaren i Vestland 17.04.2020 etterfulgt av samordna uttale med motsegn datert 04.05.2020.

Statens vegvesen si motsegn gjaldt byggegrense langs fylkesveg, samt manglande vurdering av kryssområdet mellom fv. 565 og kommunal veg Alvermarka:

Statens vegvesen ser at planen ikkje varetar våre interesser tilstrekkeleg. Byggjegrensa mot fylkesveg 565 ivaretek ikkje omsynet til framtidig tilbod for gåande og syklande langs vegen. Vidare er ikkje konsekvensane i kryss mellom kommunal veg og fylkesveg tilstrekkeleg utreda. Våre motsegn er knytt til vår rolle som statleg fagmynde med sektoransvar for trafikktryggleik og framkomst.

I dialogmøtet 17.04.2020 var det semje om at planområdet skulle utvidast til å omfatte kryssområdet mellom fv. 565 og kommunal veg:

Statens vegvesen har også vurdert at konsekvensane av tiltaket ikkje er tilstrekkeleg utgreidde med omsyn til trafikktryggleik og framkome i krysset med fylkesvegen. Temaet vart diskutert. Det var semje om at det er naudsynt å utvide planområdet slik at krysset vert vurdert og regulert. Det bør også vurderast om ein også skal ta med gang og sykkelveg langs fylkesveg 565. Fylkesmannen vil ikkje avskjere motsegna frå Statens vegvesen på dette punktet.

Statsforvaltaren avsluttar brevet:

Motsegna inneber at planen ikkje kan vedtakast av Alver kommune, slik han ligg føre no. Kommunen kan endre planen for å imøtekomme motsegnene. Fylkesmannen og Statens vegvesen må i så fall få høve til å vurdere det nye framlegg. Slik vi forstod kommunen er det aktuelt å utvide planområdet. Dette vil i så fall krevje ny oppstart og nytt offentleg ettersyn. Alternativt kan kommunen be om mekling, jf. pbl. §. 5-6.

Forhold som gjeld byggegrense er delvis løyst i vidare dialog, det plankonsulent har lagt til grunn 30 meter byggegrense frå vegmidte. Det er ikkje utarbeidd nytt planmaterieell etter denne semja, så vegmynde tek atterhald til nytt planframlegg er levert.

Vurdering av motsegn:

Alver kommune har sendt vidare ny trafikkanalyse frå forslagsstillar, der dei ber om ny vurdering av motsegn til plan.

Vestland fylkeskommune overtok ansvar for forvaltning av fylkesvegnettet som følgje av regionreforma som trådde i kraft 01.01.2020. Det er Statens vegvesen som formelt kan trekke motsegna, men då i samråd med Vestland fylkeskommune. På bakgrunn av dette var det avhalde eit møte på Teams 24.01.22 mellom dei to vegmynda, for å avklare om motsegna var svara ut. Vi var einig i at Vestland fylkeskommune svarar ut brevet, på vegne av overordna vegmynde.

Trafikkvurderinga er basert på ein modell som skal vurdere metning og forseinking i kryssområdet som følgje av planframlegget. Analysen legg til grunn at dagens situasjon innanfor planområdet ikkje skal vere del av analysen, berre den forventta auken som følgje av at tal på elevplassar kan aukast.

Analysen legg til grunn trafikktalet frå 2020, noko vi meiner er misvisande med bakgrunn i at Covid-situasjonen har resultert i færre reisande. Det er svært få fotgjengarar på tellingsdagen plankonsulenten har lagt opp til (25.11.2021). Dette burde vore kommentert og samsvarar ikkje med andre føresetnader i planen, som legg opp til at ein høg andel elevar som kjem til skulen med kollektivtransport. Noko av bakgrunnen for desse tala kan ha årsak i pandemien, og vi meiner uansett at dette burde vore drøfta i rapporten. Vi meiner at modellen legg til grunn andre føresetnader som ikkje er reelle, mellom anna er det ikkje er rom for to køyretøy som står oppstilt parallelt, slik at svingebevegelsane ikkje er uavhengig av kvarandre, slik modellen legg opp til.

Fv. 565 Alverflaten har i dag høg trafikk med 7100 ÅDT, der større køyretøy utgjør 7% av trafikkmengda. Kryssområdet til Alvermarka har ei dårleg utforming og er etter vårt syn ikkje tilrettelagt for auka trafikk. Det tilsendte materiale seier i liten grad om korleis krysset er utforma og korleis trafikktryggleiken er tatt i vare. Krysset har i dag mellom anna dårleg horisontal- og vertikalkurvatur. Det er ikkje gjort ei vurdering kva krav ein skal stille til kryssutforming med bakgrunn i trafikktalet, eller vurdert behovet for venstresvingefelt. Det er heller ikkje utført sporing i krysset.

Oppsummering:

Med bakgrunn i tidlegare dialog hadde vi forventna at planområdet skulle utvidast til å omfatte omtalte kryssområdet, slik det har vore semje om tidlegare. I staden er det utarbeidd ny trafikkanalyse som på ny vurderer kapasitet og metningsgrad i dei to kryssområda. Konklusjonen er for det meste lik dei to føregåande trafikkanalysane, at ei auke i elevtal har marginal påverknad på avvikling av trafikken. Vi stiller spørsmål ved fleire av føresetnadene som modellen legg til grunn, under dette trafikktalet og at svingebevegelsen ikkje er uavhengig av kvarandre slik modellen legg opp til.

Trafikkanalysen vil berre utgjere ein liten del av vurderinga om krysset er tilstrekkeleg dimensjonert og trafikksikkert. Vegmynde finn ikkje at trafikkanalysen svarar ut problemstillingane som var bakgrunn for motsegn og finn difor ikkje grunnlag for å trekke motsegn til reguleringsplan for Stølsmarka i Alver kommune med bakgrunn i det tilsendte materialet.

Med helsing

Hege Løtveit

leiar

INV - Forvaltning Bergensområdet

Tone Bøyum

senioringeniør

INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATENS VEGVESEN BERGEN KONTORSTED

Postboks 874 Sentrum

STATSFORVALTAREN I VESTLAND AVD BERGEN

Kaigaten 9